

Saksbehandlar: Arne Abrahamsen
Sak nr.: 20/473-12

Kommunal planstrategi for Sogndal kommune 2020 - 2023

Rådmannen rår Plan og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding:

Plan og forvaltningsutvalet rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjøre slikt vedtak:

Sogndal kommune vedtek med heimel i Plan og bygningslova §10.2 «Kommunal planstrategi for Sogndal kommune 2020 – 2023» slik denne ligg føre.

Planstrategien vert gjort offentleg minimum 30 dagar før kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka.

Vedlegg:

Kommunal planstrategi for Sogndal kommune 2020-2023, utkast 24.04.2020

Med tilhøyrande vedlegg:

Vedlegg 1: FN sine berekraftsmål

Vedlegg 2: Evaluering av planstrategiar og plangjennomføring

Vedlegg 3: Status vedtekne planar

Vedlegg 4: Nasjonale og regionale føringer

Vedlegg 5: Grunnlagsdokument - folkehelseoversikt

Vedlegg 6: Nasjonalt veikart for smarte bærekraftige byer og lokalsamfunn

Andre relevante dokument i saka:

Saksframlegg og saksprotokoll frå Plan og forvaltningsutvalet i sak 5/20, 12.03.2020

Saksframlegg og saksprotokoll frå Formannskapet i sak 3/20, 23.01.2020

Saksframlegg og saksprotokoll frå Plan og forvaltningsutvalet i sak 3/20, 23.01.2020

Prosjektplan for arbeidet.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

PBL § 10-1 legg føringane for arbeidet med den kommunale planstrategien.

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiglig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Kommunen har utarbeida eit utkast til planstrategi og er no i prosess fram til vedtak av planstrategien.

2. Sentrale problemstillingar

Prosessens planstrategien

I regelverket er det gitt føringar om at det skal vere relativt omfattande utgreiingar og prosessar rundt utarbeiding av dei kommunale planstrategiane. Kommunen har i avgrensa utgreiingsarbeidet ut frå den situasjonen kommunen er i som ny kommune. Dette er gjort medvite ut frå vidare utgreiingar i samband med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Det er vidare lagt opp til ein relativt rask prosess med planstrategien, der det er den politiske prosessen som har vore den sentrale i tillegg til dei utgreiingane administrasjonen har gjort. Det har difor vore to relativt sett, omfattande tid til drøftingsmøte med plan og forvaltingsutvalet. Dei har og fått presentert ein del planteori og erfaringar rundt bruk av plan som verktøy for handling.

Etter at utkast til planstrategi er handsama i Plan og forvaltningsutvalet vert det lagt opp til ein drøfting i planforum i fylkeskommunen med statlege og regionale planstyremakter. Eventuelle innspeil frå desse instansane vil med dette ligge føre i forkant av formannskapet si handsaming 14.05.20. Planstrategien vil etter dette bli gjort offentleg i minst 30 dagar før kommunestyret vedtek den 18.06.20.

Utgreiingar/statistikk/analyse

Kommunen har i samanslåningsprosessen ikkje hatt ressursar til å utarbeide meir statistikkar som grunnlag for drøfting av spesifikke utfordringar som Sogndal kommune har. Sogndal er først no i ein fase der vi får på plass strukturar og ei organisering som gjer det mogleg å få fram eit komplett og grundig analysedokument som grunngjeving for vurderingar for utvikling av kommunen. Dette arbeidet vil bli prioritert og styrka i samband med utarbeiding av kommuneplanen.

3. Vurderingar og konsekvensar

Politiske innspeil til planstrategien

Gjennom drøftingane Plan og forvaltningsutvalet har det kome innspeil både på omfang, struktur og spesifikt innhald. Det har vore gitt uttrykk for ei tydeleg felles politisk forståing av at det er viktig at planstrategien kjem raskt i mål, slik at vi raskt kan kome i gang med kommuneplanarbeidet. Samtidig har det kome konkrete innspeil både om eigne kommunedelplanar, til dømes på klima/miljø, og på prioritering av tema inn i kommuneplanarbeidet, både til samfunnsdelen og arealdelen. Rådmannen har her vald å ikkje kommentere desse konkret, men trur at det no er skapt ei felles politisk forståing av at alle desse einskildtema vil kome opp til full drøfting i kommuneplanarbeidet.

Rådmannen vil likevel kommentere eit av framlegga spesielt. Dette er eit innspeil om å utarbeide ein overordna klimaplan som skal gje føringar for kommuneplanane og eventuelt andre kommunedelplanar. Rådmannen ser dei gode intensjonane i dette, om at perspektiva om eit berekraftig samfunn må vere overordna det vi elles skal gjere. Rådmannen finn det mest fornuftig å få på plass eit heilskapleg mål og styringsverk gjennom kommuneplanarbeidet, der klima/miljø og berekraft vert heilt sentral del av denne.

Eit anna moment som har vore trekt fram politisk er samanhengen mellom planane og at vi må kunne starte fleire planarbeid litt meir parallelt. Rådmannen har full forståing for dette, og har difor justert noko på tidsplanen for start og avslutning på ulike planar. Når vi kjem til realitetane er det ressursar som vil vere avgjerande for om vi faktisk vert i stand til å gjennomføre planarbeidet etter den framdrifta som er skissert. Rådmannen ser difor det som ei utfordring å klare å gjennomføre dei store planprosessane utan at det vert sett av ekstra ressursar.

4. Konklusjon

Rådmannen ser at det har vore ein avgrensa prosess i utarbeidinga av planstrategien. Rådmannen kjenner seg likevel trygg på at planstrategien er godt politisk forankra og godt forankra i den administrative leiinga. Rådmannen finn også at planstrategien gjev ei god retning for planarbeidet i kommunen og legg opp til gode prinsipp for å få omsett heilskapelege mål og strategiar i konkret handling. planstrategien.

Sogndal 20.04.2020
Arne Abrahamsen